



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1673 - 18/33473

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
06.11.2018

Oversending av vedtak om dispensasjon frå LNF for oppføring av påbygg til klagevurdering - gbnr 206/4 Kålås

Tiltak: påbygg
Byggjestad: Gbnr: 206/4 Høylandsvegen 70
Tiltakshavar: Terje Økland

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av påbygg til bustad. Tiltakshavar ynskjer å byggje på huset med ny ark på nordsida av huset. Det er søkt om fråvik frå Tek 10. Auka bebygd areal er opplyst til 12,1 m2 og vert til saman 293 m2. Grad av utnytting er berekna til 0,09 %.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 17.10.18, der følgjande vedtak vart fatta: Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av påbygg til bustad.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til oppføring av påbygg til bustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og teikningar motteke 30.05.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Kommunen gjev fritak frå teknisk forskrift slik det går fram av søknaden.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål



om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Per Sveinar Morsund på e-post per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no eller på telefon 5637 5000.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til oppføring av påbygg - gnr 206/4 Kålås
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 206/4 Kålås
Søknad om løyve i eitt trinn
Søknad om dispensasjon
Situasjonskart
Teikningar
Følggebrev
Diverse vedlegg og avtalar
Erklæring om rett i fast eigedom

Kopi til:

Terje Økland	Høylandsvegen 70	5915	HJELMÅS
--------------	------------------	------	---------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------